

Alver kommune Plan og bygg
Larissa Dahl
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: d07f0aa2-e0fe-413a-
99a9-49bee0c31b77
Vår: 22/2138 - 22/28605

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
11.04.2022

Uttale til søknad om tilbygg til driftsbygg - gbnr 171/5 Seim

Tiltak: Tilbygg/driftsbygning
Byggjestad: Gbnr: 171/5
Tiltakshavar: Aleksander Hjelmtveit

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til driftsbygg på gbnr 171/5 Seim. Tilbygget er naudsynt for produksjon på garden.


Søkjar driv med sau og driftsforma er utegangardrift. Dvs at dyra går ute heile året, men vert tilleggsfara om vinteren. Han har 34 vinterfara sau, og driv totalt 120 daa jordbruksareal på eige og leigd areal. Areala han driv strekk seg frå Seim kyrkje/Håkonshaugen og sørover til den freda kyrkjegarden. Dette er eit historisk kulturlandskap med mange kulturminne der det truleg har vore jordbruksdrift i meir enn 1000 år. Den beste måten å ta vare på dette unike kulturlandskapet er beiting og slått slik søkjar gjer idag.

Klimaendringane med mildare vintrar og meir nedbør har gjort at mange med utegangardrift no vel å få dyra under tak dei våtaste måndane. På foringsplassar ute er det nesten uråd at det ikkje vert opptrakka og gjørmete i vintermånadane. Det aukar belastning på spesielt beina til sauene, og det aukar smittepress rundt foringsplassen. Omsynet til dyrevelferd er difor eit viktig moment.

Foring utandørs gjev og eit større forsvinn slik at kostnader med drifta aukar. Forbruket av for på utegangardrift er 40 -70 % meir avhengig av aktiviteten til sauene. Det er difor sterkt ynskjeleg at det vert lagt til rette for innandørs foring både av omsyn til dyrevelferd og økonomi.


Bilde er frå synfaring i mars då det hadde vore lite nedbør ein periode, men ein ser problemet med at området rundt foringsplassen vert opptrakka og gjørmete.





Søkjær planlegg eit lite tilbygg til eksisterande driftsbygning som naturleg forlengelse av denne. Det vert same materialvalg og takvinkel så den vil passa inn i den eksisterande byggesikken.

Bygget kjem fram til treet ved sida av den grøne forhekken. Det vil slik landbruksavdelinga ser det ikkje medføra at ferdsel vert hindra eller koma i konflikt med dei omsyn som sikringssone for kulturminne skal i vare ta.



Det er av stor interesse for kommunen og samfunnet at drifta på bruket kan halda fram, slik at ein kan ta vare på det unike kulturlandskapet og kulturmiljøet på Seim.

Tilpassing til klimaendringar og omsyn til dyrevelferd og økonomi gjer at det burde vera gode grunnar til å gje dispensasjon frå reguleringsplan/kulturminnelova, dersom dette er naudsynt.

Landbruksavdelinga vil sterkt rå til at søkjær for byggja omsøkte tilbygget.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og bygg

Postboks 4

5906 FREKHAUG